
 Saknr: 2020/1254-2
 Saksbehandlar: Hanne Espe

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.02.2020

Arrangementstilskot til større nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap i 2020

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tildeler tilskot til arrangement som vist i tabell under:

Søkn.nr.	Søklar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Stord Hestesportlag	NM i køyring	0
2	Hordaland svømmekrets	Bergen Swim Festival	50 000
3	Hordaland idrettskrets	World Anti-Doping Agency (WADA) Utdanningskonferanse	Utgår
4	Fana idrettslag	Nasjonalt mesterskap i orientering	0
5	Stiftinga Ekstremer Voss	Verdsmeisterskap i elvekajakk (white water kayak) under Ekstremsportveko 2020	75 000
6	Fana idrettslag	Nasjonalt mesterskap i rytmisk gymnastikk	50 000
7	Bergen Petanqueklubb	NM Petanque 2020	0
8	Sogndal Klatreklubb SIL	NM i ledklatring, speedklatring og paraklatring	40 000
9	IL Bjarg i samarbeid med IL Gneist og IL Fana	NM i friidrett på Fana stadion	135 000
10	NHF Region Vest	Intersport cup 2020	50 000
11	Os Roklubb	Ungdomsmeisterskap i roing	0
12	Tour des Fjords AS	Internasjonalt sykkelritt Tour of Norway	Utgår
13	Ask friidrett	NM i friidrett for junior 2020	0
14	TIF Viking Volleyball	Nasjonalt mesterskap for videregående skole (MVGS)	0
15	Førde Idrettslag	NM motbakkeløp i Førde 2020	0
16	Stord Hestesportlag	Landsstevner i sprangridning og dressurriding.	0
17	Førde IL Langrenn og Langeland Skisenter	Norgescup i langrenn 2020	0
18	Vik IL	NM skiskyting	0

19	Førde IL	Veteran NM i friidrett 2020	0
20	Jølster maraton	Jølster maraton 2020	50 000

Samandrag

Idrettslag og særforbund kan søkje tilskot til store nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap som skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet. Saka omhandlar søknader som er komen inn i 2019 og innan fristen 14. januar 2020.

Ordninga gjeld for større nasjonale og internasjonale seniormeisterskap. Meisterskap som er likestilt med nasjonale meisterskap som til dømes landsskyttarstemnet kan også søke om tilskot. Det er stor breidde i søknadane, og dette gjer det utfordrande å skulle sette dei opp mot kvarandre.

Det vart vedteke retningsliner for ordninga i hovudutvalsmøtet 2. desember 2019. Deretter vart ordninga lyst i heile Vestland med frist 14. januar 2020. Det er komen inn 20 søknadar. To søknader utgår.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef idrett og friluftsliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Søkjar	Arrangement	Søknadssum	Tilråding	Løyvd i 2019 (Sogn og Fjordane)	Kommentar
Stord Hestesportlag	NM i kjøring	20 000	0		Arrangementet vart gjennomført i 2019 og er såleis ikkje kvalifisert for ordninga.
Hordaland svømmekrets	Bergen Swim Festival	300 000	50 000		BSF har motteke driftstilskot dei siste par åra, men grunna endring i leiing rakk dei ikkje søknadsfrist og sender difor søknaden til denne ordninga. Ikkje eit meisterskap, men arrangement som samlar dei beste utøvarane i verda og skapar store ringverknader.
Hordaland idrettskrets	World Anti-Doping Agency (WADA) Utdanningskonferanse	250 000	0		WADA gjennomfører sin tredje Utdanningskonferanse høsten 2020. Norges idrettsforbund og Antidoping Norge har søkt om å få gjennomføre denne konferansen i Bergen. Om lag 350 deltakarar. Søknad utgår, arrangement ikkje tildelt.
Fana idrettslag	Nasjonalt mesterskap i orientering	80 000	0		NM junior og norgescup senior fordelt på to dagar. Ikkje rammer til å prioritere å gje støtte til NM for junior. Ikkje offisielt NM for senior.
Stiftinga Ekstremer Voss	Verdsmeisterskap i elvekajakk (white water kayak) under Ekstremsportveko 2020	75 000	75 000		Arrangementet skal gjennomførast under ekstremsportveka 21. - 28. juni
Fana idrettslag	Nasjonalt mesterskap i rytmisk gymnastikk	110 000	50 000		NM i rytmisk gymnastikk 2020 for junior og senior i internasjonal klasse. Utøvarar

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tilskotsordninga har eksistert i tidlegare Hordaland, og hatt søknadsfrist 20. august året før arrangementet, slik at handsaminga vart ein del av budsjetthandsaming i fylkestinget i desember. Handsaminga i år er justert knytt til fylkessamanslåing og utvida i omfang.

Det er nyleg vedteken ein nasjonal arrangementsstrategi, som vil vere førande for eit arbeid med ein regional strategi for arrangement.

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Det er sett av kr 450.000 til denne ordninga for 2020

Klima: Det vert vurdert om arrangør har ein klår og tydeleg miljøprofil (grøne arrangement)

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Konklusjon

Under viser tabellen i sin heilskap med kommentarar:

					og dommarar frå heile landet (90-130 deltakarar).
Bergen Petanqueklubb	NM Petanque 2020	60 000	0		Gjennomføringen av Norgesmesterskapet i petanque 2020. Arrangeres 25.-28. juni på Festplassen i Bergen. Ein prioritere ikkje å gje støtte.
Sogndal Klatreklubb SIL	NM i ledklatring, speedklatring og paraklatring	40 000	40 000		Sogndal Klatreklubb SIL (SKK SIL) søker arrangementstilskot til nasjonalt junior- og seniormeisterskap i 2020 til <ul style="list-style-type: none"> • Paraklatring - Led • Ledklatring • Speedklatring
IL Bjarg i samarbeid med IL Gneist og IL Fana	NM i friidrett på Fana stadion	500 000	135 000		Positive ringverknadar både for idretten, lokalmiljøet og næringslivet.
NHF Region Vest	Intersport cup 2020	150 000	50 000		Intersport cup 2020 er ei firenasjonarturnering med fire av verdas beste kvinnelandslag. Turneringa vert sendt via Tv2 til ei rekkje land. Opningskampen vert del av offisiell opning av Arena Nord i Åsane. Tilskotet skal nyttast til gjennomføring av arrangementet med hovudvekt på opningsmarkeringa av Arena Nord. Ikkje eit meisterskap, men arrangement som samlar dei beste utøvarane i verda og skapar store ringverknader. Turneringa er oppkøyring til EM på heimebane i desember 2020.
Os Roklubb	Ungdomsmeisterskap i roing	25 000	0		Ulvenregattaen har status som NM for roarar 13 - 16 år og har omlag 150 deltagarar. Ein prioriterer ikkje å gje støtte til NM for junior.
Tour des Fjords AS	Internasjonalt sykkelritt Tour of Norway	500 000	0		Søknad utgår. Rittet avlyst i 2020.
Ask friidrett	NM i friidrett for junior 2020	ikkje spesifisert	0		Ask Friidrett arrangerer Norgesmesterskapet i friidrett på Ravnanger Idrettspark, Askøy i tidsrommet 14.- 16. august 2020. Ein prioriterer ikkje å gje støtte til NM for junior.
TIF Viking Volleyball	Nasjonalt mesterskap for videregående skole	ikkje spesifisert	0		TIF Viking volleyballavdeling arrangerer nasjonalt mesterskap for videregående skole i Bergen d. 24. -26. januar 2020. Ein prioriterer ikkje å gje støtte til NM for junior.
Førde Idrettslag	NM motbakkeløp i Førde 2020	300 000	0	100 000	Førde Idrettslag feirar 100 års-jubileum i 2020. Har fått tilskot frå tidlegare Sogn og Fjordane.
Stord Hestesportlag	Landsstevner i sprangridning og dressurriding.	100 000	0		Søker tilskot til to landsstevner som kvar går over tre dagar. Det eine stevnet er i sprangridning og det andre er i dressurriding. Ein prioritere ikkje å gje støtte til arrangementet.

Førde IL Langrenn og Langeland Skisenter	Norgescup i langrenn 2020	200 000	0	100 000	Nærme 300 deltakere frå heile landet, fordelt på tre dagar. Har fått tilskot frå tidlegare Sogn og Fjordane.
Vik IL	NM skiskyting		0	150 000	Har fått tilskot frå tidlegare Sogn og Fjordane.
Førde IL	Veteran NM i friidrett 2020	Ikkje spesifisert	0		Ein prioritere ikkje å gje støtte til NM for veteran.
Jølster maraton	Jølster maraton 2020	50 000	50 000		4. juli 2020 vert Jølster Maraton arrangert for 37. gong, og er tildelt NM i maraton. Det er tredje gongen det vert arrangert NM. Har motteke tilskot frå kommunen tidlegare år, ikkje fått svar på søknad for 2020.